



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Ungdomsrådet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	10.04.2026
Tid	Kl. 14:15 - 17:00

Følgjande medleamar møtte	Frå
Amalie Rønne Holtan	
Eivind Kristoffer Sandnes	
Hjalmar Lothe	
Ingeborg Dyrnes	
Ingvar Ommedal Aa	
Jaroslav Hotsuliak	
Kari Angelika Mjellem	
Karl-Emil Gade Østerbye	
Lea Kristine Skarrebo Myklebust	
Malene Henden Fridtun	
Odd Andre Olsen	

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
011/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
012/26	Referat og orienteringssaker
013/26	Om oppvekstplan til ungdomsrådet

011/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. GUR godkjenner møteboka frå sitt møte den 27. februar 2026.
2. GUR godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 10. april 2026

Ungdomsrådet 10.04.2026:

Behandling

Saklista kom litt seint, men sida det ikkje var så mykje å lese, gjkk det bra.

UNG- 011/26 Vedtak

1. GUR godkjenner møteboka frå sitt møte den 27. februar 2026.
2. GUR godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 10. april 2026

012/26: Referat og orienteringssaker

Ungdomsrådet 10.04.2026:

Behandling

1. Torbjørn fortalte at skateparken er tatt ut av prosjektet til Fico. Det betyr at det er avklart at den kan halde fram å ligge der den ligg, den må ikkje flyttast. Reguleringsplan for Fjordfronten vil truleg kome ut på høyring i løpet av våren, om den blir vedtatt skal truleg trafoen (Det kvite, gamle murbygget på skatebanen) flyttast, og det vil bli betre plass til skating. Dette opnar også for å kunne ta i fart på gangareal utanfor det som i dag er skateparken, sånn at den heng meir i hop med området kring. Men det at skateparken er ute av prosjektet betyr også at kommunen sjølv må ta initiativ til å gjere noko med han, og betale det det kostar eller samarbeide/søke om støtte til det.

2. Jenter gjer det jamnt over betre på skulen enn gutar. I Gloppen er skilnaden ekstra stor. Per Arne utfordra ungdomsrådet på kva som kan vere årsaken.

- Skulen er for lite praktisk.. Ein del som får dårleg karakterar i teorifag, får betre karakter i praktiske fag.
- Kulturen blant gutane gjer at dei er mindre motivert for å gjere det bra på skulen. "Guttastemning": det bli sett negativt på å jobbe for å gjere det bra. får ein 5 eller 6 kan ein bli erta for det. 4+ Men dei same som erter kan kome og spørje deg om hjelp etterpå...
- Gutter bryr seg mindre om karakterer enn jenter, dei vil være kule og kjøre traktor.
- Ikkje nokon som gjer det dårleg med vilje, det handlar om ulike interesser.
- Ungdomsskulen oppleves seriøst og tungt.
- Lærarar som gjer skilnad på jenter og gutar? Lærarane legg mykje vekt på munnleg aktivitet i timen. Småprat kan slå negativt ut på karakteren.
- Er lærarane for strenge med karakterane generelt? Gloppeelevar gjer det betre på eksamen enn elevar andre kommunar, det viser at det kanskje er ein skilnad i korleis ein gir karakterar.
- Mindre lesing før enn no, teknologi har tatt over for lesing.

- KI - nokre bruker det mykje, ikkje alle. VGS meir enn ungdomstrinn.

3. UngJobb. Det blir no lyst ut nokre sommerjobbar i kommunale teneste. Vi ønskjer også å få til eit møte for dei som ikkje har fått seg sommarjobb, med foreldre. Tema er kva slags jobbar kan ein ungdom ha? Kva kan ein forvente? Kva krevst for å ha ein jobb? Kva er foreldra si rolle? Vi undersøker om avløysarlaget og frukt/bærprodusentar vil bidra på møte.

Innspel om å undersøke om sommerpatruljen i LO og "Sommarjobb i Vest" kan ha noko å bidra med. Desse blir med 15. april: Ingeborg, Amalie, Eivind, Malene, Leah, Marius, Hjalmar, Karl-Emil og Eivind Ordet fritt, kva har skjedd i elevråda?

Elevrådet på Firda har hatt besøk av Per Arne som snakka om forsterka hybel. Hybelelevane i elevrådet engasjerte seg, og det var ein god dialog. Hyggelig at Per Arne kom på besøk! Elevrådet på GU ikkje hatt møte på ei stund.

UNG- 012/26 Vedtak

GUR tar sakene til orientering.

013/26: Om oppvekstplan til ungdomsrådet

I denne saka skal ungdomsrådet førebu seg til møtet med helse- og oppvekstutvalet onsdag 15. april. Temaet er oppvekstplan.

Ungdomsrådet 10.04.2026:

Behandling

Ungdomsrådet ønsker framleis å jobbe for å få ein betre skatepark. Det har gått lang tid no, og dei har løfta fram dette fleire gongar. No vil rådet ta det opp med utvalet på nytt, onsdag 15. april. Ein skatepark vil skap eit støttande og positivt miljø, og vere ein møteplass med ein god blanding av folk i ulike alder og ulike interesser. Skating bygger fellesskap på tvers, heller enn å fremje konkurranse. Ein hjelper kvarandre til å bli betre, og lærer kvarandre triks. Mange unge i Gloppen har skateboard liggande, og har lyst å prøve. (Dette gjeld ca halve ungdomsrådet, sjølv om berre eit par er "aktive skatarar") Viss vi får eit anlegg vil det kjapt bli eit miljø og eit fellesskap. Karl-Emil førebur seg og snakker for utvalet om dette. For å vise at mange har eit skateboard, kan alle som har ta med på onsdag! Invitere politikarane til å prøve?

Ungdomsrådet vil det skal stå noko i oppvekstplanen om at kommunen skal bidra til at fleire unge får prøve seg i jobb, også ungdomsskuleelevar. Malene vil seie noko om kvifor dette er viktig, jobbsøkekurs og andre punkt/idear.

Trivselshagen - eigenorganisert: Dette er viktig for ungdom! Bør føle seg velkomne i Trivselshallen. Hjalmar snakker om det.

UNG- 013/26 Vedtak

Ungdomsrådet vil fokusere på skatepark, jobb til ungdom og eigenorganisert aktivitet i Trivselshagen i møte med helse- og oppvekstutvalet. Karl-Emil, Malene og Hjalmar førebur seg på å seie noko om det.